

Retningslinjer for forvaltning av immaterielle rettigheter generert ved Høgskulen på Vestlandet

Versjon 1.0. Retningslinjene er gjort gjeldande gjennom vedtak i Høgskulestyret ([styresak 55/21](#)).

1. Bakgrunn

Dette dokumentet gir meir utførlege retningslinjer for korleis prinsippa som er nedfelt i politikk for forvaltning av immaterielle rettigheter for HVL skal praktiserast. IPR-politikken er tenkt å ligge mest mogleg fast over tid, medan IPR-retningslinjene i større grad kan tilpassast og reviderast i tråd med viktige endringar i sektoren og/eller endringar som følgjer av lov. Endringar i retningslinjene krev rektorvedtak. Ved betydelege endringar som også medfører behov for revidering av IPR-politikken, er det krav om vedtak i Høgskulestyret.

2. Gjeld for

Politikken gjeld for alle tilsette ved HVL, dette inkluderer alle som har inngått ein arbeidsavtale med HVL, dvs. også II-stillingar og ph.d.-kandidatar og midlertidige tidsavgrensa stillingar.

Politikken gjeld også sjølvstendige oppdragstakarar og gjesteforskarar, der dette følgjer av rettsreglar eller særskilt avtale, så lenge dei utfører arbeid på HVL sine vegner.

Studentar og gjestestudentar er omfatta der dette er presisert særskilt.

3. Definisjonar

Bidragforskning:	Forskningsprosjekt der HVL mottar støtte frå eksterne samarbeidspartnarar og/eller nasjonale og internasjonale finansieringskjelder, utan at det ligg føre krav om motyting frå institusjonen når avtale om støtte vert inngått.
Disclosure of Invention (DOFI)/Meldeskjema for arbeidstakaroppfinningar:	Eit skjema som skal nyttast når ein har kome fram til ei oppfinning eller har ein innovativ idé som skal eller bør meldast inn til arbeidsgivar. Skjemaet gir ei utfyllande beskriving av oppfinninga, og utgjer det formelle grunnlaget for vurdering av oppfinninga når denne vert oversendt til kommersialiseringsaktørane HVL samarbeider med.
HVL Skape:	HVL Skape er Høgskulen på Vestlandet sitt studenttilbod innan innovasjon og entreprenørskap som strekk seg utover det som skjer i fag og emne. HVL Skape tilbyr studentar hjelp til å vidareutvikle ideane og prosjekta sine, delta på relevante arrangement om innovasjon og entreprenørskap, samt rettleiing og søknadsstøtte. HVL Skape er eit tilbod for alle studieretningar og på alle campus.
Oppdragsforskning:	Forskningsprosjekt HVL utfører mot vederlag (betaling) frå ekstern(e) oppdragsgjevar(ar) der det ligg føre eit krav om motyting frå institusjonen når kontrakt

	vert inngått.
Resultat:	Alle resultat som er skapt eller oppnådd i samband med eit prosjekt, arbeid, eller liknande, under dette immaterielle rettigheter, uavhengig av om resultat er verna av lovgiving.
Ideelle rettigheter:	Idehavar/opphavsperson sitt krav på å bli namngitt slik som god skikk tilseier, samt opphavspersonen sin rett til å motsetje seg at verket vert endra eller tilgjengeleggjort på ein måte eller i en samanheng som er krenkande for idehavar/opphavspersons litterære, vitskapelege eller kunstnariske vyrdnad eller eigenart, eller for verkets vyrdnad og eigenart.
Idehavar:	Den eller dei personane som skapar eit resultat.
Immaterielle verdiar (IP):	Ei samlenemning på verdiar utan fysisk substans, på engelsk <i>intellectual property</i> . Kan være oppfinningar, varemerke, design, produksjonsprosessar, framgangsmåtar, databasar, forskingsdata, ulike typar åndsverk, knowhow og forretningshemmelegheiter.
Immaterielle rettigheter (IPR):	Immaterielle verdiar som er verna av lov (på engelsk <i>intellectual property rights</i>). Inkluderer alle rettigheter til tekniske løysingar, metodar, prosessar og prosedyrar anten disse er patentert, kan patenterast eller ikkje, samt alle opphavsrettigheter og rettigheter til varemerke, design, plantesorar, databasar, kretsmønstre, teikningar, spesifikasjonar, prototypar, bedriftshemmelegheiter og liknande.

4. Nærmare om dei ulike rollane

4.1. Tilsette

IPR-retningslinjene gjeld primært for tilsette ved HVL. Tilsette er personar som har inngått arbeidsavtale med HVL.

I nokre tilfelle kan sidegjere mål skape utfordringar knytt til immaterielle rettigheter. For å sikre transparens i HVL si verksemd skal alle arbeidstakarar registrere og oppdatere oversikt over sine verv i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande regelverk for registrering av sidegjere mål. Dersom det er risiko for konflikt knytt til eigarskap til IP, bør dette drøftast med nærmaste leiar.

4.2 Tilsette med to eller fleire arbeidsgivarar

Dersom ein tilsett har fleire arbeidsgivarar, må arbeidsgivarane bli einige om korleis deira rettigheter skal fordelast mellom dei.

Eventuelle rettigheter til kommersiell utnytting av resultat bør gå til den arbeidsgivar som står for det største bidraget og dermed den største «oppfinnardelen», eller eventuelt den institusjon partane er blitt einige om på førehand.

Dersom ein ikkje har nokon form for rettighetsregulering forut for at resultat er skapt og resultata etter forholda skal eigast av begge arbeidsgivarane i fellesskap, skal det verte inngått avtale mellom partane om kommersialisering og eventuell overdraging av rettighetene til ein av partane mot kompensasjon.

Dersom ein tilsett har arbeidsforhold hos annan offentleg arbeidsgivar eller forskingsinstitutt, vil det grunnleggjande prinsipp vere at økonomisk ansvar og rettigheter til gevinst går til den arbeidsgivar der arbeidsforholdet inneber forskning. I andre tilfelle må partane bli einige om fordelinga. I utgangspunktet vil ein brøk tilsvarende den relative del av stillingane vere rimeleg, i tillegg til ei vurdering av partane sitt bidrag elles.

Oppfinningar som er utført av ein tilsett ved HVL hos eller på oppdrag for annan arbeidsgivar skal også meldast inn til HVL. Dersom resultatet delvis er blitt til i HVL arbeidstida til den tilsette, i HVL sine areal eller med bruk av HVL sine ressursar, vil HVL ha delrettigheter til resultat. Dersom HVL skal avstå frå å fremje krav om rettigheter, er det ein føresetnad at den tilsette både har meldt arbeids- eller oppdragsforholdet til HVL på reglementert måte, og at resultatet er meldt inn til arbeidsgivar. I tillegg må det kunne dokumenterast at arbeid, kostnadar og utvikling i sin heilskap har føregått hos ekstern arbeidsgivar og utan bruk av HVL si arbeidstid og HVL sine ressursar.

4.3. Studentar

Studentar er personar som har betalt semesteravgift og som er registrert som student ved HVL, og som ikkje har eit tilsetjingsforhold til høgskulen. Gjestestudentar er personar som er registrert som student ved ein samarbeidande utdanningsinstitusjon og som etter avtale tar del i forskning og/eller undervisning ved HVL.

Studentar eig sjølv dei resultata dei skapar som del av studia eller studieopphald ved HVL dersom ikkje anna er avtalt, og den einskilde student disponerer fritt over resultata sine.

Det kan vere ønskjeleg for ein student å samarbeide med HVL om kommersialisering, til dømes saman med HVL-tilsette, ettersom HVL har eit apparat for handsaming av kommersialiseringsprosessen. Dersom studenten ønskjer det, og høgskulen etter ei kommersiell vurdering av resultata finn det tenleg, kan HVL få overført rettigheter til kommersiell utnytting. Ved slik frivillig overdraging av rettigheter til kommersiell utnytting, vert fordelinga av rettighetene og eventuell framtidig økonomisk gevinst regulert gjennom eigen avtale mellom vedkomande student og høgskulen.

Alle studentar som tar studieprogram på masternivå, skal inngå avtale med HVL om masteroppgåver som ein del av sitt studium. I avtalen skal det spesifiserast i kva grad oppgåva har opphav i og vert gjennomført i ein etablert forskargruppe ved HVL, i eit senter, i samarbeid med ein ekstern samarbeidspartnar, byggjer på HVL sin IP eller om studenten sjølv har ideen til og gjennomfører oppgåva åleine. Den som er rettleiar for ei studentoppgåve vil ikkje automatisk få opphavsrett/eigendomsrett til oppgåva på grunn av oppgåveformuleringa og rettleiarforholdet. Avtalar om IP skal utarbeidast mellom HVL og studenten, og følgje som vedlegg til masteroppgåva.

Einskilde bachelor- og masterprosjekt kan vere meir ressurskrevjande enn andre, gjennom utnytting av kostbart utsyr ved HVL. Utgangspunktet i slike tilfelle må også her vere at studenten skal kunne ta ein bachelor- eller mastergrad utan å måtte seie frå seg rettigheter til egne arbeid. Ved einskilde

prosjekt som er spesielt ressurskrevjande for høgskolen, til dømes ved at dei krev innkjøp eller leige av spesielt utstyr, må ein likevel kunne krevje at studenten samtykkjer til å gi HVL visse rettigheter ved ein eventuell seinare kommersialisering av resultatet. Føresetnaden må likevel vere at studenten alternativt kan gjennomføre bachelor- eller mastergradstudiet ved eit anna, mindre ressurskrevjande prosjekt.

For resultat som er skapt av ein eller fleire studentar og ein eller fleire tilsette i fellesskap (sameige), har HVL rett til å overta den tilsette sin del i sameiget, i samsvar med lovgivinga, eventuelle inngåtte avtalar og dette reglementet.

Studentar som har eit tilsetjingsforhold ved HVL, for eksempel i ei prosjektstilling eller som vitskapeleg assistent, vert handsama som andre tilsette når det gjeld resultat som har samanheng med oppgåver utført og resultat skapt innanfor tilsetjingsforholdet. For prosjekt som er heilt eller delvis finansiert av Norges Forskningsråd, europeiske program eller andre finansieringskjelder, vert det stilt krav om at forskingsresultata skal kunne utnyttast av deltakande institusjon(ar). I slike prosjekt er det derfor behov for inngåing av særskilt overtakingsavtale med den einskilde student i tilknytning til det einskilde prosjekt.

Masterstudentar ved HVL har høve til å søke midlar under Forskningsrådets STUD-ENT-program til utvikling av eigne idear og forretningskonsept, og vil kunne få bistand i søknadsarbeidet frå HVL Skape. For å kunne søke, er det ei føresetnad at studenten har nødvendige rettigheter til resultatet som skal utviklast. I dei aller fleste tilfelle vil studenten automatisk ha slike rettigheter, men i særskilde tilfelle, for eksempel der det aktuelle resultatet er skapt som del av eit prosjekt, eller som del av eit tilsetjingsforhold studenten har ved HVL eller annan arbeidsgjevar, kan det vere at også andre partar har rettigheter til resultatet. Studentar som ønskjer å søke midlar under STUD-ENT, eller som har andre spørsmål knytt til immaterielle rettigheter uavhengig av STUD-ENT-ordninga, vert oppmoda til å ta kontakt med HVL Skape for bistand og rettighetsavklaring.

4.4. Ph.d.-kandidatar

Utgangspunktet er at Ph.d.-kandidatar vert rekna som andre tilsette ved HVL. Forhold knytt til immaterielle rettigheter for ph.d.-kandidatar vert regulert gjennom eigne avtalar ved opptak til ph.d.-utdanning ved HVL.

Opphavsrett til sjølve ph.d.-avhandlinga fell inn under åndsverklova. Dersom kandidaten er eineforfattar av ph.d.-avhandlinga, har vedkomande åleine opphavsretten til verket. Dersom ph.d.-avhandlinga består av ein artikkelsamling og eit samandrag, vil kandidaten åleine ha opphavsretten til dei deler som er resultatet av vedkomande sin sjølvstendige skapande innsats. Artiklar eller andre bidrag skrivne av fleire utan at det er mogleg å skilje den einskilde sitt bidrag ut som eige verk, vil vere fellesverk. For slike artiklar har forfattarane i fellesskap opphavsrett.

De delane av ph.d.-avhandlinga som kandidaten åleine har opphavsrett til, samt andre faglitterære verk som er resultat av arbeidet med avhandlinga og som kandidaten åleine har opphavsrett til, kan HVL vederlagsfritt nytte i si undervisnings- og forskingsverksemd. Dette gjeld også vederlagsfri framstilling av kopiar (papir og/eller digitalt).

Ph.d.-kandidatar kan vere tilsett ved HVL som stipendiatar med det føremål å skrive ei doktoravhandling, men ph.d.-kandidatar kan også være tilsett ved andre institusjonar eller utan fast arbeidsgivar.

For ph.d.-kandidatar som er tilsett ved HVL, kan høgskulen på same måte som overfor andre tilsette, krevje retten til oppfinningar heilt eller delvis overført til seg i samsvar med

arbeidstakaroppfinningslova. Kandidaten har same plikt til å melde oppfinninga/resultatet som tilsette.

For ph.d.-kandidatar med ekstern arbeidsgivar skal rettigheter til bruk av resultat, under dette reglar om meldeplikt nedfellast i eigen avtale mellom HVL ved fakultetet, ph.d.-kandidaten og den eksterne arbeidsgivaren (del C av Avtale om opptak).

Kandidaten har, etter universitets- og høgskulelova § 1-5 (6), rett til å offentleggjere sine resultat frå forskning eller fagleg eller kunstnarisk utviklingsarbeid. Publiseringsretten gjelder tilsvarande for rettleiaren, dersom oppfinninga er gjort i fellesskap og retten til andre partar ikkje er til hinder for det.

Det kan ikkje leggest restriksjonar på publisering av ei doktorgradsavhandling med mindre det er avtalt utsett offentleggjering i eigen avtale, til dømes for å sikre mogleg patentering.

Ph.d.-kandidatar ved HVL har høve til å søke midlar under Forskningsrådets STUD-ENT-program til utvikling av eigne idear og forretningskonsept, og vil kunne få bistand i søknadsarbeidet frå HVL Skape. Til skilnad frå masterstudentar vil ph.d.-kandidatar ofte vere å rekne som tilsette ved HVL, og det er derfor særleg aktuelt å avklare nødvendige rettigheter knytt til det aktuelle resultatet før ein kan søke. Ph.d.-kandidatar som ønskjer å søke midlar under STUD-ENT vert oppmoda til å ta kontakt med Avdeling for forskning, internasjonalisering og innovasjon i god tid før søknadsfrist.

4.5. Gjesteforskarar og sjølvstendige oppdragstakarar

Gjesteforskarar er personar som etter avtale utfører forskning og/eller undervisning ved HVL, utan å være tilsett eller sjølvstendig oppdragstakar. Sjølvstendige oppdragstakarar er fysiske eller juridiske personar som etter avtale utfører arbeid eller yter tenester til HVL på kommersielle vilkår, utan å være tilsett eller gjesteforskar.

For både gjesteforskarar og sjølvstendige oppdragstakarar skal det verte inngått eigen avtale mellom den enkelte gjesteforskar eller oppdragstakar og HVL, som regulerer rettigheter til forskings- og arbeidsresultat.

5. Rettigheter til resultat skapt i eksternfinansierte prosjekt

5.1. Resultat skapt i oppdragsforskning

Med mindre anna er avtalt for det enkelte prosjekt, får oppdragsgjevar eigedomsretten til resultat som er skapt i oppdrag. Ved oppdragsforskning skal HVL sine rettigheter til å bruke resultatata til forskning, undervisning og publisering vere spesifisert i oppdragsavtalen før oppdraget tek til.

5.2. Resultat skapt i samarbeid med eksterne partnarar og bidragsforskning

For tilsette som samarbeider med eksterne samarbeidspartnarar, skal eigarskap og bruksrett til resultat vere regulert i avtale inngått mellom HVL og samarbeidspartnarar.

Ved bidragsforskning skal HVL sine rettigheter til eigarskap og bruk av resultatata til forskning, undervisning, publisering og kommersialisering vere spesifisert i samarbeidsavtalen. Hovudregelen er at HVL eig resultat generert av høgskulen sine tilsette ved bidragsforskning.

6. Nærmare om handtering av rettigheter til dei ulike resultatata

Som det går fram av det tilhøyrande dokumentet "Politikk for forvaltning av immaterielle rettigheter generert ved Høgskulen på Vestlandet", er HVL sitt utgangspunkt at det er høgskolen sine tilsette,

studentar og andre personar tilknytt HVL som skaper forskings- og arbeidsresultat, og at HVL i ulik grad vil ha krav på å få eigarskapsrettigheter til slike resultat. Dette vil avhenge av kva type immaterielle verdiar det gjeld, og korleis dette er regulert. Nedanfor gir vi ein meir detaljert skildring av handteringa av rettigheter til dei ulike resultatata som vert skapt ved HVL.

6.1. Patenterbare oppfinningar

Patenterbare oppfinningar er ei konkret løysing på eit teknisk problem som er ny samanlikna med kva som var kjent før patentsøknaden vart levert inn, og som dessutan skil seg vesentleg frå dette (har oppfinningshøgde), jf. patentlova.

HVL som arbeidsgivar kan etter arbeidstakaroppfinningslova ha rett til å krevje overført til seg "her i riket patenterbare oppfinningar" (jf. arbeidstakaroppfinningslova § 1) som fell inn under arbeidsforholdet og verksemda til høgskulen.

Den tilsette har plikt etter arbeidstakaroppfinningslova til å gi skriftleg melding til arbeidsgivar om ein patenterbar oppfinning. Slik innmelding skal gjerast gjennom DOFI-skjema (Disclosure of Invention) som ein får ved å ta kontakt med Avdeling for forskning, internasjonalisering og innovasjon.

Oppfinningar kan berre patenterast dersom patentsøknad er inngitt før oppfinninga er publisert eller på annan måte gjort tilgjengeleg for andre. Det er vesentleg at oppfinninga ikkje blir offentleggjort før patentsøknad er innlevert, då offentleggjering øydelegg moglegheita for patentering.

Tilsette ved HVL har likevel høve til å velje publisering framfor patentering. I slike tilfelle skal arbeidstakar eksplisitt ved innmelding (DOFI) gjere merksam på at vedkomande vil publisere uansett. Elles skal manuskript ikkje verte tilbydd for publisering før HVL har fått ideen vurdert av kommersialiseringsaktør, og eventuell patentsøknad er innlevert.

Etter at patentsøknad er innlevert står arbeidstakaren fritt til å offentleggjere oppfinninga, for eksempel som føredrag eller som del av faglitterær publikasjon.

6.2. Ikkje-patenterbare oppfinningar

Med «ikkje-patenterbare oppfinningar» meiner vi ikkje-patenterbar teknologi, oppfinningar og alle andre løysingar og idear, prinsipp, knowhow, inkludert f.eks. bedriftshemmelegheiter, teknisk, vitskapeleg og merkantil informasjon og forretningskonsept som kan kommersialiserast og/eller har samfunnsnyttig potensiale.

Meldeplikt i form av DOFI gjeld også ikkje-patenterbare oppfinningar. Spørsmålet knytt til overtaking av eigarskap til slike resultat og på kva måte desse skal forvaltast, vil avklarast nærmare i det enkelte tilfelle.

6.3. Datamaskinprogram

HVL har rett til datamaskinprogram som er utarbeidd av den tilsette, gjennom oppgåvene som er omfatta av arbeidsforholdet eller etter høgskulen sine instruksar, jf. åndsverklova § 71. Dataprogram som har eit kommersielt og/eller samfunnsnyttig potensial eller har tilknytning til ei oppfinning eller anna teknisk løysing, produkt eller framgangsmåte, skal meldast til HVL ved bruk av DOFI.

Dersom dataprogrammet er ei oppfinning som kan patenterast er det vesentleg at ikkje noko av løysinga eller programmet blir offentleggjort før patentsøknad er innsendt og registrert, då offentleggjering øydelegg moglegheita for patentering. Det er opp til forskaren å velje om ein ønskjer å publisere eller patentere forskingsresultatet, men om ein ønskjer å publisere må HVL vere varsla om dette på førehand. Ein forskar som har utvikla programvare gjennom sitt virke og som ønskjer å

offentleggjere dette som «open kjelde», står fritt til å gjere dette. Tilsette vert likevel oppmoda til å diskutere potensielle moglegheiter med HVL og kommersialiseringsaktør før programvara vert offentleggjort som «open kjelde».

Dersom HVL overtar rettigheter til oppfinning eller know-how som vert implementert ved hjelp av dataprogram, bør også opphavsretten til dataprogrammet (kjeldekoden) gå over til høgskulen, i den utstrekning det er nødvendig for utnytting av oppfinninga eller know-how. Slik overgang er ikkje til hinder for at høgskulen, i samråd med opphavsperson, vel å offentleggjere kjeldekoden etter at ein patentsøknad er innlevert.

6.4. Katalogar og databasar

HVL har rettighetene til katalogar og databasar som er blitt til ved ei vesentleg investering frå høgskulen, jf. åndsverklova §24. Dette inneber einerett til bruk i form av kopiering, arkivering, endring, offentleggjering eller kommersialisering. Utøving av eineretten skal ikkje komme i konflikt med prinsippet om akademisk fridom eller vere til hinder for at katalogar og databasar kan gjerast offentleg tilgjengelege eller på annan måte stillast til rådighet for forskingsføremål.

For andre katalogar og databasar tilhøyrar eineretten den tilsette som utarbeidde desse, med mindre

- HVL har bedt ein tilsett spesielt om å lage katalogen eller databasen
- HVL har inngått ein avtale med tredjeperson om eit bestillingsverk
- anna er avtalt.

Databasar kan være bygd opp på ein slik måte at tredjepart kan ha rettigheter til delelement av innhaldet i databasen. For at høgskulen skal kunne gjere bruk av databasen for næringsmessige føremål er det viktig at høgskulen i forkant av prosjektet sikrar seg rettighetene til bruk av slike delelement gjennom avtalar med dei tilsette og eventuelle eksterne tredjepartar.

Ein tilsett som ser eit kommersielt potensial i en database, som sjølv vurderer kommersiell utnytting av ein database, eller som har tatt skritt til slik kommersialisering, skal melde dette til arbeidsgivar. I dei tilfella der høgskulen ikkje ønsker å søke næringsretta utnytting av ein database, vil høgskulen vurdere å gi andre rett til å gjere dette.

6.5. Fysisk materiale

Fysisk materiale som er blitt til ved bruk av høgskulen sine ressursar, er høgskulen sin eigedom og kan fritt brukast av HVL til undervisnings-, forskings- og kommersialiseringsformål. Dette gjeld likevel ikkje dersom avtale med tredjepart eller andre sine rettigheter er til hinder for dette.

Ein tilsett som vurderer kommersiell utnytting av fysiske gjenstandar eller har tatt skritt mot slik kommersialisering, skal melde dette til HVL (DOFI).

Den som har fått fram materialet, har rett til livslang tilgang og bruk og rett til å dele materialet med andre (også utanfor høgskolen), på følgjande vilkår:

- Noko av materialet skal vere igjen på HVL, dvs. ein skal normalt ikkje tømme kjelda
- Mottakar skal ikkje vidareformidle materialet til tredjepart utan godkjenning frå HVL
- Fysiske gjenstandar kan berre delast med andre til forskingsformål, deling til kommersielle formål krev særleg avtale
- At det vert innhenta underteikna avtale om bruken av det utleverte materiale frå mottakar før utsending

6.6. Faglitterære verk

Som hovudregel ligg alle rettigheter til faglitterære verk (som monografar, lærebøker, vitenskaplege artiklar og doktorgradsavhandlingar), andre litterære og kunstnariske verk, hos de(n) tilsette som har framstilt dette. Dette inneber rett til å bestemme bruken av åndsverket (som kopiering, arkivering, endring og offentliggjerjing), samt utnytte åndsverket kommersielt.

I særlege tilfelle kan høgskulen få ein ikkje-eksklusiv, avgrensa rett til å bruke slike resultat. Dette gjeld spesielt der HVL har brukt eller bruker betydelege ressursar i utarbeidinga av desse, og det er avtalt på førehand.

6.7. Læringsressursar

Rettigheter til læringsressursar avhenger av korleis det er laga og korleis det skal nyttast.

Læringsressursar er alle former for materiale som er utvikla for undervisningsføremål, slik som opptak av undervisning, presentasjonar, disposisjonar, skriftleg undervisningsmateriale som oppgåver, instruksjonsvideoar, digitalt undervisningsopplegg, bilete, grafar og lydfiler.

Den som lagar læringsressursane beheld i utgangspunktet opphavsrett til dette. Undervisningsplikta tilseier at høgskulen har ein vederlagsfri, ikkje-eksklusiv bruksrett for læringsressursar som er utvikla av HVL sine tilsette for undervisningsføremål. Denne retten vil også kunne omfatte bruk i seinare semester eller etter at den tilsette har slutta, viss dette var føresetnaden ved utarbeiding av materialet.

HVL kan ikkje nytte læringsressursar i kommersiell samanheng viss ikkje det er avtalt særskilt, og tilsvarande gjeld for bruk på opne nettsider.

HVL kan generelt få ein meir omfattande rett til bruk av læringsressursar der dette er avtalt særskilt, eller det ligg som ein klar føresetnad ved utarbeiding av læringsressursane, t.d. ved at høgskulen har tildelt særskilte ressursar i form av pengar, teknisk bistand eller redusert undervisningsplikt.

Den tilsette beheld sine ideelle rettigheter til materialet. Dersom ein tilsett sluttar, har vedkomande bruksrett til den delen av materialet som vedkomande har bidratt til, viss ikkje anna er avtalt.

Det vil bli utarbeidd meir inngåande rutinar for handsaming av, eigarskap til og bruksrettar for læringsressursar, som vil inngå i en oppdatert versjon av disse retningslinjene.

6.8. Administrative arbeid

HVL har alle rettigheter til administrative arbeid (som utgreiingar, høyringsuttaler, pensumforslag og undervisningsplanar).

7. Kommersialisering av forskings- og arbeidsresultat

7.1. Meldeplikt

I gjennomgangen av rettigheter til ulike arbeidsresultat ovanfor, går det fram at den tilsette har ein meldeplikt til arbeidsgivar i alle tilfelle der resultatet utgjer eller kan brukast i ei oppfinning, eller der eit arbeidsresultat har eit kommersielt og/eller samfunnsnyttig potensial. Dette kan være arbeidsresultat i form av:

- Patenterbar oppfinning
- Ikkje-patenterbare oppfinningar
- Dataprogram

- Katalogar og databasar
- Fysisk materiale

Melding skjer i form av innlevering av ein DOFI – Disclosure of Invention. DOFI-skjema vert fylt ut av den tilsette og skal sendast til Avdeling for forskning, internasjonalisering og innovasjon (AFII), som handterer slike meldingar ved HVL, med kopi til den tilsette sin nærmaste leiar. DOFI-skjema skal nemne alle personar som har ytt eit sjølvstendig og individuelt intellektuelt bidrag til i oppfinninga og skal signerast av alle oppfinnarane.

Dersom ei oppfinning har blitt til gjennom samarbeid med personar som ikkje er tilsett ved HVL, skal det også verte inngått ein oppfinnaravtale som viser innsatsfordelinga til kvar oppfinnar i prosent. Når AFII har mottatt DOFI-skjema, skal dette som hovudregel sendast over til den kommersialiseringsaktør som dekkjer campusen der den tilsette har sin hovudarbeids plass. HVL har i dag avtale med følgjande kommersialiseringsaktørar:

- Kunnskapsparken i Vestland AS (campus Førde og campus Sogndal)
- VIS - Vestlandets Innovasjonsselskap AS (campus Bergen)
- Valide AS (campus Stord og campus Haugesund)

7.2. Offentleggjering

Dersom ei oppfinning skal kunne patentrast, kan den ikkje være offentleggjort før ein søknad om patent er innsendt og institusjonen har mottatt prioritetsdato frå det landet der patentet er søkt om. Det inneber at publisering må vente til etter at prioritetsdato ligg føre dersom ein skal ha moglegheit for å beskytte oppfinninga og eventuelt forhandle med aktuelle brukarar av oppfinninga. Vilkåra for offentleggjering er strenge, og dekkjer alle formar for deling, offentleggjering, eller anna formidling som ikkje er regulert av konfidensialitetsavtalar eller anna tilsvarande regulering.

Kommersialiseringsaktivitetar skal likevel ikkje kome i konflikt med prinsippet om akademisk fridom. Den tilsette står derfor fritt til å prioritere publisering og til å velje at resultatet skal gjerast allment tilgjengeleg, sjølv om dette vil kunne komme i konflikt med kommersialiseringsmoglegheitene.

Den tilsette har likevel meldeplikt (DOFI), og for å ha rett til å publisere, må den tilsette melde frå om sine planar om publisering i DOFI-skjemaet. Det er også ei føresetnad for publisering at offentleggjering ikkje er i strid med eventuell tredjeparts rettigheter til resultatata.

Dersom den tilsette ikkje har meldt frå i DOFI om planar for publisering som kan hindre patentering, kan vedkomande ikkje offentleggjere arbeidsresultata eller rettighetene, utan føregåande samtykke frå arbeidsgivar, før fire månader er gått frå arbeidsgivar fekk skriftleg melding (DOFI). I denne perioden kan arbeidstakar heller ikkje gjere andre handlingar som kan forringe arbeidsgivar si moglegheit for utnytting av arbeidsresultat eller rettigheter. Arbeidstakar kan sjølv sende inn patentsøknad, om denne retten ikkje er overført til HVL. HVL skal uansett varslast på førehand, slik at det er høve til å sikre at patentsøknaden t.d. er tilstrekkeleg gjennomarbeidd.

Arbeidsgivar skal søke å gjere den perioden der arbeidsresultatet eller rettigheita ikkje kan offentleggjerast kortast mogleg, og skal så langt som mogleg arbeide for å gi arbeidstakar tidleg melding om i kva grad arbeidsgivar vil utnytte arbeidsresultatet eller rettigheita. Dersom arbeidsgivar innan fire månader etter mottak av DOFI ikkje har gitt arbeidstakar skriftleg melding om det skal takast skritt for å oppnå rettsvern av arbeidsresultata eller rettighetene i offentlege register, står arbeidstakar igjen fritt til å offentleggjere arbeidsresultata, med mindre dette er i strid med plikter overfor tredjepart eller andre plikter overfor arbeidsgivar.

7.3. Prosess for kommersialisering

Når DOFI er oversendt frå AFII til kommersialiseringsaktør, skal denne gjennomføre ei grundig vurdering av det kommersielle potensial til ideen, og innan 100 dagar oversende HVL ei tilråding om i kva grad høgskulen bør overta kommersielle rettigheter. Denne fristen er sett slik at HVL skal kunne gi den tilsette tilbakemelding innan de 4 månadene skildra over. Fristen går frå det tidspunktet HVL stadfester å ha mottatt tilstrekkeleg utfylt DOFI-skjema, som er grunnlaget for evaluering av oppfinninga.

Kommersialiseringsaktør og idehavar skal ha tett dialog gjennom evalueringsfasen. Dersom DOFI-skjema er mangelfullt, eller dersom det grunna tilhøve på idehavars side ikkje har vore tilstrekkeleg kontakt mellom kommersialiseringsaktør og idehavar, vil fristen kunne frysas eller startast på nytt når tilstrekkeleg grunnlag for vurdering av ideen ligg føre.

Når kommersialiseringsaktør har oversendt si tilråding til HVL, vert det fatta vedtak om HVL ønskjer å overta kommersielle rettigheter til ei oppfinning. Vedtaket vert treft av prorektor for forskning i samråd med dekan ved det fakultetet den tilsette høyrer til. Når HVL overtar rettighetene til kommersiell utnytting, skal det verte inngått avtale mellom idehavar, HVL og den kommersialiseringsaktør som skal forvalte prosessen.

Dersom HVL ikkje overtar rettighetene til kommersiell utnytting, kan den tilsette krevje kommersielle rettigheter tilbakeført til seg, og den tilsette overtar med det retten til å kommersialisere idéen. I slike tilfelle skal det lagast ein avtale mellom HVL og den tilsette, der det skal klargjerast føringar for den tilsette og kva rettigheter og økonomiske plikter både den tilsette og HVL har med omsyn til bruk/ikkje bruk av utstyr/labfasilitetar, rapporteringsrutinar, eventuell tid til utvikling av ideen i si stilling ved HVL, samt inntekter til HVL frå eventuell vellykka kommersialisering.

Der HVL ikkje overdrar rettigheter til kommersiell utnytting, kan den tilsette også velje å jobbe vidare med ideen ved HVL, og eventuelt vurdere kommersialisering igjen på eit seinare tidspunkt. Dette skal avtalast mellom HVL, idehavar og nærmaste leiar. Når kommersialisering igjen er vurdert som aktuelt, skal ny DOFI fyllast ut og sendast kommersialiseringsaktør.

I alle tre tilfelle skildra over skal avtale med HVL vert inngått seinast to månader etter at prorektorvedtak er fatta.

Kommersialiseringsaktøren forvaltar kommersialiseringsprosessen og HVL sin IPR på høgskulens vegner, og er ansvarleg for gjennomføring av gode prosessar, rolleavklaringar mellom partane og at relevante avtaler vert inngått.

Kommersialiseringsprosessen kan til dømes verte gjennomført ved å inngå ein lisensavtale for bruksrett til IP, eller ved å selje IPR. Dette kan skje i samarbeid med ein etablert bedrift, eller det kan verte etablert eit oppstartsselskap. Val av modell med tilhøyrande prisfastsetjing og økonomiske vilkår skal skje i eit samarbeid mellom kommersialiseringsaktør, HVL og idehavar.

Kommersialiseringsaktør skal regelmessig halde HVL orientert om innmeldte idear og kommersialiseringsaktivitetar, i tråd med inngåtte samarbeids- og tenestekjøpsavtalar mellom kommersialiseringsaktør og HVL.

7.4. Godtgjering

Den tilsette har rett til ein rimeleg del av nettoinntekta frå ei kommersialisering. Netto inntekter vert definert som innkomne inntekter etter at det er trekt frå utgifter til kommersiell utnytting, under

dette kostnadar HVL og/eller kommersialiseringsaktør har i samband med sikring av rettigheter og kommersialisering.

7.4.1. Fordeling av inntekter

Utgangspunktet for inntektsfordelinga, er 45 % til tilsett, 33 % til den kommersialiseringsaktøren som forvaltar kommersialiseringsprosessen, og 22 % til HVL. HVL sin del vert fordelt med 50 % til fakultetet, og 50 % med føremål om innovasjon og sikring av immaterielle rettigheter på verksemdsnivå.

Arbeidstakar har krav på innsyn i grunnlaget for berekninga av godtgjeringa.

Det kan i ein skilde tilfelle verte inngått avtale om anna fordeling av inntekter, til dømes i tilfelle der ein kommersialiseringsaktør er medeigar i eit selskap som vert etablert på grunnlag av arbeidsresultatet eller i tilfelle der rettigheter vert overdradd til eit anna rettssubjekt og arbeidstakaren får utbetalt ein avtalt kompensasjon på andre måtar. Dersom ikkje anna vert avtalt spesielt, skjer fordelinga etter delingsprinsippet som nemnt over.

7.4.3. Andre forhold

Dersom oppfinnar/tilsett forsømmar plikta til å gi melding om arbeidsresultat til HVL, og i staden utnyttar arbeidsresultatet sjølv eller gjennom andre, skal HVL ha rett til 2/3 av dei nettoinntekter som direkte eller indirekte vert skapt gjennom kommersiell utnytting av arbeidsresultatet.

7.5. Tilbakeføring av rettigheter

I tilfelle der HVL, etter å ha fått overdratt ei oppfinning eller eit anna prosjekt- eller arbeidsresultat til seg med heimel i lov eller avtale, bestemmer seg for

- ikkje å vidareføre et patent, eller
- ikkje sjølv vil eller finn kommersielt grunnlag for å føre eit prosjekt vidare,

skal HVL tilby tilbakeføring av rettighetene til oppfinnar.

I slike situasjonar skal det verte inngått ein standardavtale som regulerer forholdet mellom partane. Dersom oppfinninga i ettertid vert kommersialisert, skal normalt 15 % av dei nettoinntektene (rekna av EBITDA) som oppfinnar mottar som sin del, gå til HVL.

Oppfinnar forpliktar seg overfor HVL til å etterleve alle plikter som høgskulen måtte ha overfor ekstern tredjepart som har finansiert den forskinga som leidde til oppfinninga.

HVL beheld ein vederlagsfri rett til å bruke oppfinninga eller arbeidet til undervisnings- og forskingsføremål ved høgskulen, og rett til å vidarelisensiere slik bruksrett til andre ikkje-kommersielle samarbeidspartar/institusjonar.

I dei ovanfor nemnte tilfella kan HVL også, dersom den tilsette ikkje ønsker å overta rettighetene, avgjere å gi opp rettighetene, med den verknad at HVL sin plikt til å arbeide for kommersialisering av resultatata, fell bort.

7.6. Tvist om eigarskap til rettigheter og/eller inntektsfordeling

Dersom det oppstår tvist eller ueinigheit mellom idehavar og HVL om eigarskap til rettigheter eller fordeling av nettoinntekter frå kommersialisering av arbeidsresultat, skal saka meldast inn til Avdeling for forskning, internasjonisering og innovasjon. Avdelinga skal i slike tilfelle gi alle

interessentar høve til å gjere greie for sitt syn på saksforholdet, og på den bakgrunn forsøke å kome fram til ei løysing.

Dersom forhold som er omfatta av arbeidstakaroppfinningslova ikkje vert løyst mellom partane, kan saka bringast inn for Meklingsnemnda for arbeidstakaroppfinningar.

I alle tilfelle vil tvist om rettigheiter og inntektsfordeling også kunne bringast inn for domstolane.